

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 15/214-15
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

17365/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 11.05.2015

NVE
Postboks 5091 Maj.
0301 Oslo

nve@nve.no

Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar, "Sognefjordpakken"

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 06.05.2015 som sak 46/15 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Samla vurdering:
 - 1.1 Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Sognefjorden med avgreiningar er svært stort, men at dei sju nye prosjekta i noko grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For alle prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate, og fylkeskommunen har difor berre mindre merknader.
 - 1.2 Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.
2. Skjerdal kraftverk, Aurland.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Føresetnaden for løyve er at alt. 1 med ein kraftstasjon vert valt. Kraftstasjonen må vidare plasserast lenger frå fjorden, om lag på kote 10, slik at driftsvatnet vert slept i elva ovanfor fossen.
3. Kvammadalselvi kraftverk, Aurland.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. På grunn av innsyn til rørgate-trasen, inntaksområdet frå turistvegen og eit stølsområde, bør det vurderast ei løysing med inntak plassert nedstrøms der den gamle ferdslevegen kryssar elva på kote 800. For dette prosjektet er det ekstra viktig med god tilbakeføring av rørgatetraseen til naturleg terreng. Av omsyn til m.a. negative konsekvensar for biologisk mangfald, bør det vurderast auka minstevassføring om sommaren.
4. Tura kraftverk, Vik.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er planlagt minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Av omsyn til fossane i elva som landskapselement, kulturmiljøet langs elva og til det biologiske mangfaldet, bør minstevassføringa om sommaren aukast monaleg.
5. TVK kraftverk, Vik.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
6. Kråkeelvi kraftverk, Balestrand.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Føresetnaden for løyve er at det må sleppast ei minstevassføring om sommaren som kan sikre at fossen også i framtida vert eit viktig landskapselement.
7. Brekka kraftverk, Balestrand.
Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Føresetnaden for løyve er at heile vassvegen frå inntaket ved Brekkevatnet til kraftstasjonen leggst i fjell eller gravast ned.

8. Dyrdalselva kraftverk, Høyanger.

Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at kraft-stasjonen vert flytta noko oppover elva til ein mindre synleg stad sett frå sjøen, helst opp til vandringshinderet for anadrom fisk.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Saksutgreiing med fylkesrådmannen si tilråding

Mottakar (ar)
nve@nve.no